

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 07/00617-29

08.01.2019

Ark.: 326.12 NJG

Oppstart av namnesak 2019/4 – Riksem/Rikseim/Riksheim med avleide namn i Sykkylven kommune

Eigar av eigedomen gnr. 36 bnr. 1 i Sykkylven kommune bed om at det vert reist namnesak på skrivemåten av gardsnamnet fordi han ønskjer eintydig skrivemåte av namnet. Sentralt stadnamnregister (SSR) viser at det er tre godkjende skrivemåtar i offentleg bruk: Riksheim, Rikseim og Riksem. Riksem er prioritert skrivemåte i offentleg bruk fordi den skrivemåten vert rekna for å liggja nærast uttala, og er den skrivemåten som normalt vert nytta for dette namneleddet i Møre og Romsdal. Gardsnamnet er bruksnamn for bruksnummer 1, 2 og 3.

Kartverket reiser namnesak for desse stadnamna:

- **Gardsnamnet til gardsnummer 36** som i dag har desse godkjende skrivemåtane i offentleg bruk: Riksheim, Rikseim og Riksem
 - Bruksnamnet til **bruksnummer 1, 2 og 3**, som er det same som gardsnamnet
- **Gardsnamnet til gardsnummer 35** som i dag har desse godkjende skrivemåtane i offentleg bruk: Riksheimgjerdet og Riksemgjerdet
 - Bruksnamnet til **bruksnummer 1**, som er det same som gardsnamnet

Andre avleide namn som vert med i namnesaka er desse:

- Riksemsætra/Riksheimsætra (seter)
- Riksemelva/Riksheimelva (elv)
- Riksemdalen/Riksheimdalen (dal)
- Riksemskaret/Riksheimskaret (skar)

For fleire opplysningar om (namnet/namna), sjå innsynsløysinga vår for SSR:

<http://norgeskart.no/ssr/>. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen. Dei kan søkast opp i www.seeiendom.no (søk på: gnr/bnr, namnet på kommunen).

Lokal høyring

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 6 i lov om stadnamn. Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigarar og festarar har rett til å uttale seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av lista ovanfor kva for bruk dette gjeld.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsette skrivemåten av namn på eige bruk dersom han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på

offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ønskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han sende krav om det til Kartverket og leggje ved gyldig dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp når ein normerer stadnamn.

Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skyggje for meiningsinnhaldet i namnet. I *Forskrift om stadnamn* med utfyllande reglar er det meir detaljerte retningsliner for korleis stadnamn skal normerast.

Primærnamn

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må derfor sette ev. pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjere vedtak.

Kunngjering

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, t.d. ved notis i lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har også ansvaret for å innhente og samordne dei lokale høyringsutsegnene. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0032 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gi endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå de tek imot dette brevet.

Med venleg helsing

Kari Aalvik Buset
fylkeskartsjef

Nils Jørgen Gaasvik
stadnamnansvarleg

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi Petter Sætre
 Språkrådet